Generalutskrift 10/4-1961.

År 1961 den 8. april vart det halde møte i Lavik kommunestyre.
Møtet vart halde i kommunehuset.
Møtet var innkalla i samsvar med § 11 i kommunestyrelova.

Desse var fråverande: Kåre Strandos, Jens Nylund, Kåre Aven og Anders Avedal.

Ordføraren gav ut innkalling av 1. april 1961. Ingen hadde merknad å gjera, og ordføraren sa frå at møtet var lovleg sett.

Der var førehatt:

23/61 Referat:

a. Fylkesmannen si godkjenning og merknader til vedtaka i kommunestyremøte den 18. febr. 1961.

b: Rundskriv av 12. jan. 1961 frå det Kgl. kommunal- og arbeidsdepartement vedk. driftskreditkassens utlån.

Det opplesne vart vedlagt møteboka.

24/61. Søknad om løyve til sal av øl i kl. 2.

Genutskr. 11/4 G. Røsholm

Det førelåg søknad frå Gunnar Røsholm om sal av øl i kl. 2.
Politiet har ikkje noko å merka til søknaden, men edruskapsnemnda rår i frå, og det same gjer heradsformannen.
~~Samr.~~ Vedtak med 10 mot 3 røyster: Søknaden vert ikkje stetta.

25/61. Stengingsvedtekter for utsalsstader.
Gruitskr. 14/1 J.mannen
Saka var sendt attende frå departementet til ny handsaming.
Samr. vedtak:
§1. A. Utsalsstader skal på kvardagar, med nedanemnde unnatak, vera stengde frå kl. 18 til kl. 9.
Laurdagar skal det vera stengt kl. 17.
Påske- pinse- jol og nyårsafta skal det stengjast kl. 15.
B. På sun- og helgedagar skal utsalsstadene vera heilt stengde.
§2.
A. Utsalsstader (kioskar) som berre handlar med sukkertøy, iskrem, mineralvatn, tobakk og tobakksvarer, fyrstikker, sjokolade, frukt, blad og prospektkort skal vera stengde frå kl. 21 til kl. 9.
B. I tida 1. mai - 31. august kan slike utsalsstader haldast opne for sal om sun- og helgedagar frå kl. 13.00 til kl. 21.00; med unnatak av 1. pinsedag.
§3.
I stengetida må kundar ikkje sleppast inn. Men dei som er komne inn før stengetida kan verta ekspedert etter stengetid.
§4.
Proviantering til fiske- og fangstfartøy kan gå for seg utan hinder av denne stengingsvedtekt.
§5.
Brot på vedtekta vert straffa etter lova, jfr. straffelova § 339,2

| | |
|---|---|
| | Söknader om tilskot til vassforsyningsanlegg. |
| 26/61 | Frå vassforsyningsnemnda var oversendt etter- |
| 1/4 - sendt | nemnde söknader om tilskot til innlegging av vatn: |
| L. selskapet. | 1. Olav Tjönsås |
| | 2. Harald Tvædal. |
| | 3. Hans Ånes. |
| | 4. Per Myren. |
| | 5. Lars Stirseth. |
| | 6. Marie Bilsbakke. |
| | 7. Bjarne Larsen. |
| | Samr. vedtak: |
| | Kommunestyret rår til at söjarane får det tilskot som lova gjev höve til. Kommunen yter 10 % av materialkostnaden. |
| √ 27/61. | Söknader om lån i Noregs Småbruk- og Bustadbank. |
| Landbr. 1/4 | a. [redacted] søkjer om lån i Noregs Småbruk- |
| L. selskapet. | og Bustadbank stort kr. 24.000.-, derav kr. 8.000.- som tilskotslån. Lånet skal nyttast til bygging av driftsbygning. |
| | Samr. vedtak: |
| | Lavik kommune tryggjer på vanlege vilkår for eit pantelån på kr. 16.000.- med prioritet etter lån på kr. 8.000.- i Lavik Nye Sparebank. |
| | Ein rår elles til at det vert gjeve eit tilskotslån på kr. 8.000.- og vedtek å betale inn til Noregs Småbruk- og Bustadbanken ein tredjepart av denne summen. |
| 1/4 - sendt | b. |
| Bustadnemnda | [redacted] søkjer om eit lån i Noregs Småbruk- |

og Bustadbank stort kr. 23.000.-, derav kr. 5.000.- som stinadslån. Lånet skal nyttast til oppføring av bustadhus.

Samr. vedtak:

Lavik kommune tygdar på vanlege vilkår for eit pantelån på kr. 18.000.-. Ein rår elles til at det vert gjeve eit stinadslån på kr. 5.000.- og vedtek å betale inn til Småbruk- og Bustadbanken ein tredjepart av denne summen.

28/61 Søknad om fråfall av pantrett.
Serutskr. 17/4 [redacted] søkjer om pantefråfall i parsell
Lensmannen Glitre g.nr. [redacted] b.nr. [redacted]

Samr. vedtak:

Lavik kommune står ved den gjevne tygd for pantelån på g.nr. [redacted], b.nr. [redacted] etter sal av parsell Glitre.

29/61 Vedtekter og avtale for den kommunale pensjonsordning.
Serutskr. 18/4. Frå Kommunal Landspensjonskasse har ein motteke
F.mannen. vedtekter og avtale for den kommunale pensjonsskipnad.

Samr. vedtak:

Kommunen godtek vedtekter og avtale slik dei ligg føre.

30/61. Søknad frå Landbruksselskapet om løyving til prenting
Serutskr. 17/4 av katalog til bygdesjå.
L.selskapet. Samr. vedtak:

Av H.K. XIV.A.1.a. vert løyvt trengande midlar til prenting av katalog til bygdesjå i Kyrkjefjord og Lavikdal.

√ 31/60 Søknad om løyving til veganl. Veg til Bang.
Frå dei interesserte på Bang førelåg søknad om ei
løyving på kr. 5.000.-. Dette for at bnr. 2 på Bang
skal få bruksnytte av den veg som er bygd.
Samr. vedtak:
Av H.K. X.B.5.e vert løyvd kr. 5.000.- til veganl.
Veg til Bang.

32/61 Sluttfinansieringa for veg til Skjefjord kai.
Fråsegn ¹²/₄ Vegkontoret Fr.mannen
Frå vegkontoret førelåg kostnadsoverslag for slutt-
arbeidet. Overslaget er på kr. 21.500.-.
Sluttfinansieringa vert då lagt opp slik:

| | |
|---|---|
| Fylkestilskot for 1961. | kr. 6.200.- |
| Samla interessenttilskot | " 2.800.- |
| Forskottering av dei interesserte | " 5.000.- |
| —"— av kommunen. | " 7.500.- |
| | Kr. 21.500.- |

Samr. vedtak:
Av H.K. X.B.5.e vert løyvt inntil kr. 7.500.-.

Møte slutt. Møteboka opplesen.
Einar Lauritz. hib Torskefjord.
Per Nygren.